REGLAR FOR TILSKOT
FRÅ FYRESDAL KOMMUNE

Nye reglar er vedteke XX.XX.XX og gjeldande frå 1. januar 2027.

Felles for alle tilskota er:

- Satsane gjeld ut frå det som til ei kvar tid er godkjent av kommunestyret.
- Det skal aktivt informerast om reglane for tilskot frå Fyresdal kommune.
- Satsane til alle tilskot vert KPI indeksregulert pr. 1. januar.
- Eigaren/søkjaren må vere fast busett i Fyresdal kommune før tilskotet blir utbetala.
- For tiltak som krev løyve etter Plan- og bygningslova, eller anna lovverk, skal slikt løyve som hovudregel vere gjeven før arbeidet/tiltaket blir starta.
- Søknad om tilskot må vere sendt/levert til Fyresdal kommune før tiltaket blir iverksett. Tilskot blir utbetalt mot dokumentasjon etter at tiltaket er gjennomført.
- Tvilstilfelle avgjerast av formannskapet.

Tilskot til miljøtiltak

1. Det vert gjeve tilskot til oppgradering av eksisterande kloakkanlegg tilhøyrande heilårsbustader som ikkje kan koplast til kommunalt anlegg, på 50% av dokumenterte kostnader, inntil kr 35 000,-.

2. Det vert gjeve tilskot til etablering av solcelleanlegg, vedfyringsanlegg, varmepumpeanlegg- luft til vatn og vatn til vatn, med inntil 10% av kostnadane, maks kr 22 500,-. Gjeld for bustadhus.

Tilskot til bygging/vøling av eige bustadhus

1. Tilskot på 10% av kostnadane, maks kr 500 000,- til bygging av eige bustadhus med livsløpsstandard.

2. Tilskot på 10% av kostnadane, maks kr 500 000,- til vøling av bustader til eige bruk og med livsløpsstandard, maks kr 200 000,- utan livsløpsstandard. Tilskotet kan søkast på når bustaden er kjøpt etter 01.01.2025.

Generelle vilkår for tilskot til bygging/vøling av bustadhus:

- Tilskot kan berre utbetalast ein gong til same tiltak.
- Tilskot utbetalast til eigar av bustaden.
- Det blir sett som krav at bustaden er fullfinansiert (inkl. tilskotet) før tilskot blir utbetalt.
- Mottakar av tilskot skal dokumentere ferdigattest/tinglyst kjøpekontrakt før tilskot blir utbetalt.
- Dersom mottakar av tilskot melder folkeregistrert flytting/sel bustaden innan 5 år etter mottatt tilskot, skal tilskotet tilbakebetalast i sin heilskap. Det er tilskotsmottakar sitt ansvar å melde frå om flytting.
- Ved sal av bustad kan tidsperioden for tilskotet overførast til ny eigar med same vilkår.
- Dersom det blir bruksendring av bustaden, til dømes til fritidsbustad innan 10 år etter at tilskot er gjeve, skal heile tilskotet betalast tilbake. Det vil vere tilskotsmottakar sitt ansvar å melde frå til kommunen.

- Det blir ikkje gjeve tilskot til nybygg etter brann eller anna form for skade som vert dekka av forsikring.
-Det vert ikkje gjeve tilskot til mobile bustader, minihus eller mikrohus.
- Søknad om renoveringstilskot må sendast inn seinast 2 år etter signert kjøpekontrakt, budsjett, faktura/kvitteringar sendast samtidig i søknad
- I høve der det er tydeleg at ordninga vert misbrukt kan kommunen avslå søknaden.
- Vilkår for tilskot skal tinglysast på eigedomen
- Overgangsordningar for nybygg og vøling: Tilskot kan søkast på for tiltak som er igangsett etter 01.01.2025 og som ikkje er ferdigstilt før 01.01.2027
- Årleg ramme for tilskot fastsettast av kommunestyret i budsjettet kvart år.

Renovering omfattar tiltak som:
- Byte av golv, innvendige dører, veggar og tak.
- Renovering av bad og kjøkken.
- Oppgradering av røyropplegg og elektrisk anlegg.
- Drenering og isolasjon.
- Skifte av utvendig kledning, tak vindauge og dører.
- Strukturelle endringar og oppgradering av tekniske/elektriske installasjonar.

Tilskot vert ikkje gjeve til ordinært vedlikehald og/eller inventar, samt anna lausøyra som mellom anna:
- Maling og overflatebehandling.
- Mindre reparasjonar og utskifting av enkeltkomponentar.
- Regelmessig reingjering og vedlikehald.
- Kvite/brunevarer med meir.
- Varmepumpe og vedovn.
- Solavskjerming.

Tilskot til vedlikehald av private vegar

1. Det vert gjeve eit årleg tilskot til private vegar med fast busetnad. Tilskotet er kr 9,- pr. m veg til frådrag kjem kr 900,- pr. husstand langs vegen.
2. Veglengda vert rekna til seiste fastbuande registrera i folkeregisteret.
3. Minste veglengde er 200 m.
    - Veglengde frå 200 til 300 m, må ikkje ha fleire enn 2 husstandar
    - Veglengde frå 300 til 400 m, må ikkje ha fleire enn 3 husstandar
    - Veglengde frå 400 til 500 m, må ikkje ha fleire enn 4 husstandar
    - Veglengde frå 500 til 1000 m, må ikkje ha fleire enn 6 husstandar
    - Veglengde over 1000 m har ikkje krav til talet på husstandar.
4. Den ansvarlege for veganlegget er pliktig til å gje kommunen opplysningar snarast råd om endringar i føresetnadane som vil påverke utrekninga av tilskotet.
5. Ved fleire husstandar langs vegen skal det opprettast eit veglag med eigen bankkonto som tilskotet blir utbetalt til.
6. Etter at eit veganlegg er godkjent for tilskot, vert det utbetala innan 1. mai kvart år.
7. ~~Napevegen får et årleg tilskot på kr 15 000,- som skal dekke bompengar for innbyggarane i Fyresdal.~~

Lønstilskot til sommararbeid for skuleelevar

Heileigde kommunale selskap treng ikkje ha tilhald i Fyresdal.
Private eller offentlege verksemder, eller private personar i Fyresdal som tek inn skuleungdom frå Fyresdal, som er mellom 15 og 19 år i kalenderåret får eit lønstilskot på:

1. 50 % av utbetalt timeløn, maks kr 75,- pr. time for arbeidstakerar mellom 15 og 19 år. Lønstilskotet blir utbetalt mot dokumentasjon, seiste frist for innsending av dokumentasjon er 15.oktober. Det skal også dokumenterast at arbeidsgjevaravgift og eventuelt skattetrekk er innbetalt.
2. Verksemder søkjer kommunen **før 20. mai**, om å ta inn namngjevne personar. Det kan godkjennast inntil 150 timar for kvar arbeidstakar for arbeid i perioden juni, juli og august. Rådmannen godkjenner søknadane innanfor avsette midlar i budsjettet.
3. Det blir ikkje gjeve lønstilskot til ungdom i eigen familie dvs. born og borneborn. Dette gjeld ikkje for næringsdrivande som er registrerte i arbeidsgjevarregisteret.
4. Det blir ikkje gjeve tilskot til arbeid som får vesentlege kommunale tilskot etter andre reglar.
5. Arbeidsavtale skal fylgje med søknaden, og skal brukast som grunnlag for prioritering blant søknadane.
6. Brot på arbeidsavtala kan føre til inndraging av innvilga tilskot.
7. Det blir ikkje gjeve lønstilskot til lag og organisasjonar
8. Arbeidsgjevar må avklare med arbeidstakar om vedkomande skal arbeide for annan arbeidsgjevar i tillegg. Der dette er aktuelt må arbeidsgjevarane bli samde om fordeling av 150 timar.

Støtte til oppkøyring av skiløyper

1) Den som tar på seg oppkøyring av skiløyper i Fyresdal kommune må, for å kunne få kommunal støtte til dette:
    a. ha skriftleg avtale med grunneigar
    b. naudsynt løyve til å køyre snoskuter i det aktuelle området
    c. ha vikarordning som sikrar oppkøyring ved fråvær, sjukdom og liknande
    d. ha ein kontaktperson for kvar løype/kvart område det blir søkt støtte for
    e. føre logg med dato og lengde for kvar oppkøyring

2) Løypene det blir søkt tilskot for skal vere oppkøyrd med sporleggar til kvar helg i januar, februar, mars og april, når temperatur- og snotilhøve tilseier det. I vinterferien og påskeferien skal løypene vere preparert for skigåing kvar dag.

3) For skiløypenetter på Øyane er det ikkje krav til føring av logg. I dette løypenettet skal det vere løypetrasé for både skøyting og klassisk langrenn.

4) Som støtte til oppkøyring av løypenettet på Veum øyremerkast kr. 40 000,- gjennom dei årlege kulturmidlane. Støtte til andre skiløyper, f.t. kr 100 000, fordelast gjennom ein fordelingsnykel basera på antall køyrde km gjennom sesongen.

5) Utbetaling skjer på grunnlag av skriftleg søknad med:
    a. ein enkel evaluering av sesongen med omtale av spesielle problem med å halde løypene oppkøyrt i samsvar med krava for tilskot
    b. oppgåve over totalt køyrde kilometer
    c. kopi av logg for køyring.

Søknad om støtte sendast Fyresdal kommune innan 1. mai kvart år.

Tilskot til nydyrking:

Det gjevast eit tilskot på kr 5 000,- pr. daa fulldyrka jord etter godkjent plan.